



Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3. etg, Fylkeshuset
Dato: 06.11.2014
Tidspunkt: 10:15 – 15:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margot Bertheussen	Leiar	PF
Kåre Ystanes	Nestleiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Anne-Karin Davidsen	Medlem	LOP
Arne Gunnar Trædal	Medlem	FSF
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Dagfinn Vik	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Torunn Lausund	Rådgjevar tannhelseavdelinga
Arild Sondre Sekse	Seniorrådgjevar organisasjonsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 41/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 42/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 43/14	Godkjenning av sakliste		
PS 44/14	Fylkesrådmannens forslag til budsjett for 2015 - høyringsuttale	2014/558	
PS 45/14	Godkjenning av møteprotokoll frå 18.09.2014	2014/557	
PS 46/14	Møteplan 2015 - utkast	2014/558	
PS 47/14	Evaluering av Eldrerådskonferansen 2014	2014/557	
PS 48/14	Tema for Vestlandssamlinga 2015	2014/557	
PS 49/14	Representantar til brukarutvalet ved Helse Bergen	2014/557	
PS 50/14	Medlem til brukarutvalet ved Haraldsplass diakonale sjukehus	2014/557	
PS 51/14	Referatsak (meldingar)		
RS 33/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr oktober	2014/1527	
RS 34/14	Referat frå FYEL-AU 25092014	2014/557	
RS 35/14	Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsbrev	2014/19439	
RS 36/14	Høyringsuttale PREMISS; KULTUR - frå fylkeseldrerådet	2014/557	
RS 37/14	Forslag om redusert arbeidsgiveravgift for eldre arbeidstakere	2014/22303	
RS 38/14	Nytt varamedlem til Helse Vest frå fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane	2014/557	
RS 39/14	Representant til brukarutvalg for pasienter og pårørende ved Haraldsplass Diakonale Sykehus - HDS	2014/557	
RS 40/14	Innspeil til søknad om auke løyvingar til fylkeseldrerådet for 2015	2014/557	
RS 41/14	Den kulturelle spaserstokken	2014/557	
RS 42/14	Endeleg referat frå studietur til Island 4.-8. mai 2014 - utan vedlegg	2014/557	
RS 43/14	Den "kulturelle spaserstokken"	2014/557	
RS 44/14	Protokoll Nordland fylkes eldreråd 27.03.2014	2014/557	
PS 52/14	Ymse		

PS 41/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjente møteinnkallinga.

PS 42/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Grunna at det allereie var ein politisk sak på møtebok frå førre møte vert denne saka teke vekk frå sakskartet.

PS 43/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjente saklista med slik endring:
PS 42/14 Godkjenning av møtebok forrige møte fell bort.

PS 44/14 Fylkesrådmannens forslag til budsjett for 2015 - høyringsuttale

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2014

Økonomidirektør Johnny Stiansen informerte rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om fylkesrådmannens forslag til budsjett for 2015.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at arbeidsutvalet får fullmakt til å skrive ein uttale frå rådet basert på innspela under møtet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at arbeidsutvalet skal følgje opp utbygginga av nye busstopp (Statens vegvesen) og anbudsprosessen rundt nye ferger (Skyss og samferdselsavdelinga) i samband med universell utforming.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 04.11.2014

Økonomidirektør Johnny Stiansen heldt ein orientering om fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for 2015.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok at leiar og nestleiar i utvalet fekk fullmakt til å skrive ein uttale til fylkesrådmannens forslag til budsjett der Ungdommens planprogram vert lagt til grunn.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok å sende ein slik uttale til fylkesrådmannens forslag til budsjett:

Fylkeseldrerådet (FYEL) er nøgd med den føreslegne løyvinga til Fylkeseldrerådet. I budsjettet er det teke høgde for at FYEL skal arrangere konferanse for vestlands-samarbeidet i 2015.

FYEL registrar at Tannhersedistrikt aust får heile 14.5 % mindre enn i 2014, medan alle dei andre tannhersedistrikta får likt eller meir. FYEL kjem med ein eigen uttale om tannhelsetenesta.

Løyving til friluftsføremål er i framlegget redusert med 5 %. Dette tykkjer FYEL ikkje samsvarar med at folkehelsa skal styrkjast, og når det gjeld den eldre del av folket, burde det i høve til gradering og merking av turløyper t.d. vore avsett langt større beløp.

Fylkesvegane er mange stader i dårleg stand. Difor er det bra at det i framlegget til budsjett er auke til fylkesvegane. Auken er likevel, etter FYEL si meining, altfor liten for å rette opp den dårlege standarden. Når det gjeld båtrutene, gjer FYEL merksam på at det framleis ikkje har skjedd noko om bord på hurtigbåtane som tilseier at billettørane bør gå rundt og selja billetter til eldre folk når veret er stygt. FYEL opprettheld dette kravet, og det bør leggjast inn i anbodskrava når nye anbod skal lysast ut.

Når det gjeld bussrutene tykkjer FYEL det er urett at eldre folk som kjøpar billett om bord på bussen skal betale tilleggskast.

Når det gjeld løyvingar til kulturføremål, registrerar FYEL at det ikkje er sagt noko om «Den kulturelle spaserstokken». Det er kanskje naturleg sidan Regjeringa i statsbudsjettet for 2015 har stroke denne posten. Men FYEL er av den meining at Fylkeskommunen burde ha protestert på at denne posten skulle falla bort. FYEL har sjølv teke opp denne saka med Regjering og Storting, og vi vonar at dette kan føra til at løyvingar til «Den kulturelle spaserstokken» kan halda fram.

Ellers er FYEL nøgd med at løyvingane til kulturføremål vert auka med 3 %. Og FYEL tykkjer om at biblioteka i Hordaland skal vera møteplassar og arena for offentleg samtale og debatt.

PS 45/14 Godkjenning av møteprotokoll frå 18.09.2014

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet godkjenner møteboka frå 180914.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok å godkjenne møteboka frå møtet 18.09.2014.

PS 46/14 Møteplan 2015 - utkast

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkeseldrerådet og Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanane slik dei føreligg.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møteplan 2015 for rådet med slike endringar:

Temadagen for rådet vert to dagar i 2015. Aktuelle tema for konferansen er tilgjengelege val, samhandlingsreforma og universell utforming i fase 2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at konferansen for dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne skal settast opp som ein politisk sak på desember-møtet.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok møteplanen for 2015, men gav arbeidsutvalet fullmakt til å finne dato for eldrerådskonferansen.

PS 47/14 Evaluering av Eldrerådskonferansen 2014

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok at eldrerådskonferansen i 2014 var ein suksess og ein mal som kan brukast ved framtidige konferansar. Følgjande punkt må rådet ta med vidare:

- Unngå haustferien
- Få innspel frå deltakarane på eit evalueringsskjema

PS 48/14 Tema for Vestlandssamlinga 2015

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtok å gi arbeidsutvalet fullmakt til å finne tema og innleiarar til Vestlandssamlinga. Tema som er aktuelle:

- FN-konvensjonen og universell utforming
- Samferdsel
- Den kulturelle spaserstokken, avhengig av kva som skjer med den posten på statsbudsjettet

PS 49/14 Representantar til brukarutvalet ved Helse Bergen

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet utnemnar Margot Bertheussen (representant) og Martin Monrad Reigstad (vararepresentant) frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet ved Helse Bergen.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet utnemnar Margot Bertheussen (representant) og Martin Monrad Reigstad (vararepresentant) frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet ved Helse Bergen.

PS 50/14 Medlem til brukarutvalet ved Haraldsplass diakonale sjukehus

Forslag til avgjerd

Arne Gunnar Trædal vert vald som fylkeseldrerådets representant i brukarutvalet til Haraldsplass diakonale sjukehus.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Arne Gunnar Trædal vert vald som representant og Jette Lunemann Hansen vert vald som vararepresentant for fylkeseldrerådet i brukarutvalet til Haraldsplass diakonale sjukehus.

PS 51/14 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

RS 33/14 Oversikt over større saker til politisk behandling – per oktober: Fylkeseldrerådet vedtok å løfte saka om Strategi for innfartsparkering ved å få ein orientering på neste rådsmøte og få tilsendt strategien i papir.

RS 43/14 Den «kulturelle spaserstokken»: Fylkeseldrerådet vedtok at uttala sendt til stortinget skal sendast ut til dei kommunale eldreråda i fylket til orientering.

RS 33/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr oktober

RS 34/14 Referat frå FYEL-AU 25092014

RS 35/14 Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsbrev

RS 36/14 Høyringsuttale PREMISS; KULTUR - frå fylkeseldrerådet

RS 37/14 Forslag om redusert arbeidsgiveravgift for eldre arbeidstakere

RS 38/14 Nytt varamedlem til Helse Vest frå fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

RS 39/14 Representant til brukerutvalg for pasienter og pårørende ved Haraldsplass Diakonale Sykehus - HDS

RS 40/14 Innspel til søknad om auke løyvingar til fylkeseldrerådet for 2015

RS 41/14 Den kulturelle spaserstokken

RS 42/14 Endeleg referat frå studietur til Island 4.-8. mai 2014 - utan vedlegg

RS 43/14 Den "kulturelle spaserstokken"

RS 44/14 Protokoll Nordland fylkes eldreråd 27.03.2014

PS 52/14 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 06.11.2014

Vedtak

Tapt arbeidsforteneste på konferansar: Fylkeseldrerådet har tidlegare vedteke at rådets medlemar ikkje får tapt arbeidsforteneste for å delta på konferansar. Eldrerådskonferansen, som fylkeseldrerådet arrangerer, er ein konferanse der det er obligatorisk for medlemane å delta. Fylkeseldrerådet vedtek at medlemane skal få tapt arbeidsforteneste for eldrerådskonferansen.